

# Litteratur om naturen i Møre og Romsdal

## – presentasjon av ein søkbar database

John Bjarne Jordal, 6610 Øksendal, e-post: [bjjordal@online.no](mailto:bjjordal@online.no)

No kan du finna fuglelitteratur om heimkommunen din! For 2 år sidan vart ei liste over vel 500 Rallus-artiklar for perioden 1971-1999 presentert (Rallus nr. 1/2000). På Internett finn du no ein mykje større litteraturlatabase over naturen i Møre og Romsdal med heile 5200 titlar utarbeidd av John Bjarne Jordal og Geir Gaarder. Basen inneheld 1676 titlar med data om fugl. Her kan ein ved å kombinera søkeord som "fugl" og "Giske" få fram ei liste over litteraturkjelder der det finst data frå Giske kommune, og på same måten sjølv sagt også for andre kommunar.

### **Kvifor har vi laga ein database?**

Registreringane av biologisk mangfald i kommunane, som starta i 1999, auka behovet for lettare tilgang på eksisterande informasjon om naturen både i kommunane og på andre nivå i planlegging og forvaltning. Behovet for ein slik base har likevel vore der i lengre tid. Basen vil også ha nytte for alle naturinteresserte, som lærarar, skuleelevar, organisasjonar og einskildpersonar. Fylkesmannen i Møre og Romsdal har finansiert arbeidet.

Hovudformålet med arbeidet er altså å få ei oversikt over litteratur om naturen i fylket, da særleg slikt som kan ha nytte i samband med registrering og forvaltning av det biologiske mangfaldet rundt omkring i kommunane. Det er ei målsetting

at databasen skal vera søkbar på *organismegruppe*, *kommune*, og *naturtype*.

### **Kva finn du i databasen?**

- Databasen inneheld titlar på bøker, artiklar, rapportar m.m. som omhandlar naturen i Møre og Romsdal
- Du kan søkja på kommune, naturtype eller organismegruppe (prioriterte stikkord)
- Du kan søkja på ei rekkje andre emneord (sjå liste på Internett)
- Du kan kombinera emneord, t. d. "fugl" og "Ørsta", "kulturlandskap" og "Smøla", eller "fisk" og "ferskvatn" og "Tingvoll". Med tanke på sjøfugl kan ein kombinera "fugl" og "kyst".

Det er laga ei liste over periodika (tidsskrift, rapportseriar m.m.) som er gjennomgått. Denne finst på Internett. Eldre fuglelitteratur er førebels berre sporadisk gjennomgått.

<b>Type</b>	<b>Stikkord</b>
Organisme-gruppe	planter, lav, mose, algar, sopp, bakteriar, virus, pattedyr, fugl, krypdyr, amfibiar, fisk, virvellause (+ undergrupper som t. d. insekt og biller)
Naturtype, hovudtypar	kyst, kulturlandskap, skog, myr, ferskvatn, berg [forkorting for berg og rasmark], fjell
Naturtype, undertypar	marint (under vatn i havet), naturbeitemark, kystlynghei, lauvskog, barskog, edellauvskog, m. fl.
Kommunenamn	Aukra Aure Averøy Eide Frei Fræna Giske Gjemnes Halså Haram Hareid Herøy Kristiansund Midsund Molde Nesset Norddal Rauma Rindal Sande Sandøy Skodje Smøla Stordal Stranda Sula Sunndal Sunnadal Sykkylven Tingvoll Tustna Ulstein Vanylven Vestnes Volda Ørskog Ørsta Ålesund
Diverse emneord	Sjå liste over stikkord på Internett, t. d. er «geofag» nytta som stikkord om alt som har med berggrunn og lausmassar å gjera
Viss stikkorda er mangelfulle	Symbolet «xx» i stikkordfeltet betyr at innlegging av stikkord eller referanse ikkje er avslutta, vanlegvis fordi ein ikkje har sett og gått gjennom den aktuelle kjelda. Dette gjeld i alt rundt 1500 av referansane.

Somme søkeord kan bli påverka av andre. T. d. vil søkeordet *skog* blir influert av kommunenamnet *Ørskog*. Søkeordet Aure fører berre til kommunen Aure. Dersom ein vil søkja på fiskearten aure, må ein søkja på “ørret”.

Eit kommunenamn blir med som stikkord når det føreligg minst ei opplysning frå kommunen som kan ha interesse. Det er nok at det er med t. d. eit ringmerkingsgjenfunn av ein stare frå Volda for at Volda skal bli med som stikkord. Eldre litteratur har skapa ein del problem i samband med eldre kommunenamn og kommunegrenser.

I nokre tilfelle er det ikkje muleg ut frå dei tilgjengelege opplysningane å identifisera observasjonar eller tema til kommune. I desse tilfella er det derfor ofte ikkje nytta stikkord for identifisering av

kommune i det heile. Observasjonar til havs har nokre gonger vore vanskelege å plassera i ein kommune.

NB! ALLE STIKKORD ER PÅ NYNORSK. Dette medfører t. d. at det heiter amfibiar, forureining og raudlisteartar.

### Artar

Ein god del av titlane inneheld omtale av mange artar, og det er derfor svært arbeidskrevande å leggja inn stikkord for alle artar som er omtala i kvar publikasjon. Dette er derfor heller ikkje gjennomført. Artar er lagt inn som stikkord i ein del tilfelle der det er snakk om få artar, særleg interessante artar, raudlisteartar, artar med nord-grense i Møre og Romsdal, eller i tilfelle med lånt litteratur som er vanskeleg å skaffa på nytt.

### Lokalitetsnamn

Det same gjeld for lokalitetsnamn som for artar: mange titlar omtalar lange tiradar av lokalitetar, og desse er ikkje lagt inn. Somme stikkord om område under kommunenivå er likevel nytta, t. d. Runde, Grimstadvatnet og Grøvuvasdraget.

### Sitering og adresse

Det er eit ønskje at brukarane siterer kjelde på følgjande måte:


Jordal, J. B. & Gaarder, G., 2002: Database over litteratur om naturen i Møre og Romsdal. Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Internettadresse: <http://www.fm-mr.stat.no/litteraturbase/>

## Sjøfugteljingar i sommar

### Teist

I vår og sommar er det talt sjøfugl i regi av NOF. Teisten er ein art som har hatt stor tilbakegang i nyare tid, og frå Fylkesmannens miljøvernavdeling har NOF Møre og Romsdal fått midlar til å registrere bestanden i fylket. Dei store koloniane må teljast systematisk, men vi treng hjelp til å få opplysningar frå mindre koloniar og spreidde bestandar. Så oppfordringa er: Har du sett teist i hekketida, så meld frå om observasjonar.

Ketil Valde; e-post: [ketil.valde@norsok.no](mailto:ketil.valde@norsok.no) , tlf: 71531213 (priv); adresse: 6630 Tingvoll



Teist. Tegning: Trond Haugskott